

03 NOVEMBER 2025
ÅRGANG 58

KYRKJEBLAD FOR ARNA OG YTRE ARNA

Kyrkjebladet



- 4 / Bli kjend med Vår & Elias
- 8 / Kyrjeklokkene
- 13 / Julespel ved Arna kyrkje



DEN NORSKE KYRKJA

Utgjevar: Arna og Ytre Arna kyrkjelydar

Redaktør: Møyfrid N. Opheim
Redaksjonen: Ingvar Fløysvik,
Jorunn Haukås, Erik Rodal,
Björg Marie Akse Kenefe

Design: Ruth Sofie Steinsland
Trykk: Unigrafisk AS
Opplag: 5700
Foto framside: Björg Marie Akse Kenefe

Neste utgåve: 20. mars
Materiellfrist: 20. februar

Arna kyrkjekontor
Lakslia 21 (Arna kyrkjelydshus)
Tlf: 55 36 22 70
Kontortid:
tysdag, torsdag og fredag kl 10-15

Tilsette og kontaktinfo

Dagleg leiar Arna og Ytre Arna
Marianne W. Fanebust
arna.menighet@kirken.no
ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no

Arna kyrkjelyd
Facebook: Arna kyrkjelyd

Soknerådsleiar: Torill Vik Johannessen

Sokneprest: Roar Moen, rm263@kyrkja.no,
tlf: 957 95 324

Kapellan: Gina Marie Reisæther-Thu
gr693@kyrkja.no

Kantor: Olav Arne Steinkopf,
os377@kyrkja.no

Kateket: Cathrine Snipsøyr
cs262@kyrkja.no, tlf: 920 71 840
Kateket: Gro Eman, ge427@kyrkja.no

Kyrkjelydsarbeidar: Marlyn Hop,
mh824@kyrkja.no

Ytre Arna kyrkjelyd
Facebook: Ytre Arna kyrkjelyd

Open kyrkje: onsdagar kl. 11.30-13.00

Soknerådsleiar: Jorunn Haukås

Sokneprest: Ingvar Fløysvik
if952@kyrkja.no, tlf: 916 06 626

Organist: Jørn Skauge, js234@kyrkja.no

Trusopplærer: Marianne Hjortland,
mh798@kyrkja.no

Kyrkjetenar i Arna og Ytre Arna:
Monica Ohr, mo886@kyrkja.no,
tlf 412 04 198

Ungdomsdiakon 13-20, Arna og Ytre Arna:
Maria Aasheim Grosås mg647@kyrkja.no,
tlf 413 60 923

Styrar i Noa og Sakkeus open barnehage:
Møyfrid N. Opheim, sakkeusopenbhg@
outlook.com

Vil du gje ei gåve?

Arna kyrkje
Konto: 1506.60.81157
Vipps: 11237

Ytre Arna kyrkje
Konto: 5081.08.12726
Vipps: 12191



**Tankar
om tru**

«Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane...»

I Johannes-evangeliet kan juleevangeliet høyrast noko kryptisk ut med setningar som «Ordet vart kjøt og tok bustad mellom oss» (1,14). Men, enkelt sagt seier evangeliet at Guds ord, i form av Jesu person kom til oss menneske. Jesus er altså Guds eige ord – sjølv Ordet – som er ei gåve til oss menneske, for at vi skal kunne leve i tillit og truskap til vår skapar, og leve våre liv etter Guds gode vilje og plan for oss menneske. Guds sanne og kjærlege ord blir slik til ei gåve for oss og står evig fast.

«Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane...» slik les me om dei fyrste kristne i Apostelgjerningane. (Apg. 2, 42a) Dei fyrste kristne heldt seg til det dei hadde lært frå Jesu apostlar – dei som hadde vore Jesus sjølv nærast, og hadde sterkast vissheit i kva Jesu lære gjekk i. I dei ulike kyrkjesamfunna våre finst det sjølv sagt mange ulike uttrykksformer og ulikt kva ein legg vekt på. Det rokkar ikkje ved at læra frå Guds ord framleis må vere den same.

Men, kva då når me meiner å høyre lære som ikkje er overeins med Guds ord? Då må me våge å seie det høgt: Kyrkja eig ikkje sanninga. Kyrkja står under sanninga.

Sjølv om det nokre gonger kan vere vanskeleg å forstå – er alt Gud gjer, i kjærleik. Då krev det at me og kyrkja må lyfte blikket frå straumdrag, trendar og menneskeleg godkjenning – og stille oss på nytt under det eine lyset som aldri skifter: Guds ord - Ordet. Ikkje biskopars ord. Ikkje kyrkjemøtes ord. Ikkje folkemeiningas ord. Men Guds ord åleine. Det ord som aldri vik.

Sjølv sagt må Guds ord tolkast inn i vår tid der konteksten er annleis enn det me høyrer om i bibelen, men Guds ord og Kristi lære kan ikkje rokkast ved – sjølv om me i våre liv vert råka av Guds eige ord, sjølv om det smertar, sjølv om Guds vilje er annleis enn vår eigen. For det gjer òg vondt å vere menneske under Guds ord. Bibelen seier det rett ut: «Guds ord er levande og verkekraftig, kvassare enn noko tviægga sverd...» (Hebr 4,12) Og slik vert Guds ord til eit kall til omvending til å leve etter Guds gode vilje og plan for våre liv.

Men, der Guds ord rammar oss, er det òg godt å vite at dette ikkje er alt han seier. Jesus seier òg «Kom til meg, alle de som strevar og har tunge byrder, og eg vil gje dykk kvile.» (Matt 11,28) Det gjeld òg den som er djupt såra. Kristus forkastar ikkje den sundbrotnen. Å kome til Jesus er ikkje å få stadfesting til å halde fram – men å få tilgjeving. Å bli frelst er ikkje å få dekning for alt – men å få nytt liv.

Så skal me feire jul, og kunne glede oss over at Gud i kjærleik har sendt oss Ordet – Jesusbarnet for at vi skulle få del i frelsa hans. For Jesus kom ikkje for å rive ned liv – men for å reise oss opp. Alt gjort i kjærleik.

Med ynske om ei velsigna julehøgtid!



Roar Moen



Ei julebøn frå biskopen

TEKST: BISKOP RAGNHILD JEPSEN
FOTO: BJØRGVIN BISPEDØMEKONTOR

augo og såg sine medmenneske med Guds blikk. Han kom med lyset. Der var Gud.

Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

*Kjære Jesus,
det er du som skal kome.
Av den tørraste kvist
skal von springe fram.
Av det som ingen rekna for noko,
skal liv bryte fram.
Vi gler oss til du kjem.
Vi treng at du kjem.
Amen.*



Foto: sandraspencer.wordpress.com

Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik: "Kjære Jesus". Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus. Så i ei stille kveldstund med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølv er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar dei breva vi sender i denne tida: Med stor omsorg for mottakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus. Og ikkje minst: Med overtydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gaver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma.

Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart fødd i Betlehem, han som kom frå Gud, og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske gleda:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft. (Rom 15, 12-13)

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie: Kjære Jesus! For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som vaks fram or ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde, er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: *Vi kan vere rike på von ved Den heilage andens kraft!*

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram. Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håplaut, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen. Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad. I mørket i stallen opna det nyfødde barnet

Bli betre kjent med Vår og Elias!

Vår Folkvord og Elias Altermark Mehus har vore med i eit prøveprosjekt i Arna kyrkje: sommarjobb i kyrkja. Mange har nok møtt på dei i ulike samanhengar, for dei er frivillige i både gudstenester, Klubben for funksjonshemma og Ung Tru. Elias er fast kyrkjetenarvikar, og Vår er under opplæring til jobben. I tillegg har dei begge fått vere prest for ein dag!

Her fortel dei litt om erfaringane frå sommarjobben – om forskjellen på det å vere frivillig og tilsett, oppgåver og høgdepunkt – og om dei tenkjer på ein framtidig jobb innan kyrkja.



Vår: Vi hadde åpen kyrkjestove og en fast møteplass for ungdommer hver onsdag. I tillegg var vi ledere på leir, der hadde vi ansvar for blant annet kjøkkenarbeid og praktiske oppgaver. Som nevnt tidligere, deltok vi også i planlegging og gjennomføring av en gudstjeneste. Gjennom sommeren fikk vi undervisning om ulike temaer, blant annet arbeidsliv, Den norske kirkes oppbygning og organisering, samt innføring i bibel- og kirkehistorie og grunnleggende dogmatikk.

Elias: Forskjellen på frivillig og ansatt er nok mindre enn mange tror. Selvsagt har man et større ansvarsområde, må sette seg inn i mer - som dataprogrammet

Medarbeideren - og man føler seg kanskje mer på innsiden av «organisasjonen». Men samtidig er det de samme fine folkene du snakker og ler med, og det er de samme små øyeblikkene som betyr mest. Latteren over kaffekoppen, samarbeidet om å få ting til å gå opp, og den følelsen av å bidra til noe som gleder flere andre deg selv. Uansett om man får lønn eller ikke, så er drivkraften ofte den samme; Engasjementet for medmennesker, felleskapet og gleden av å glede menneskene rundt deg.

Elias: Det er mange høydepunkter som kan trekkes frem, men det som peker seg litt ekstra ut for meg, er de ukentlige åpne Kyrkjestovene vi

hadde på onsdager. Å se at det kom flere og flere hver uke, og ikke minst at folk kom tilbake igjen, det ga en utrolig fin følelse av felleskap. Å skjenne at vi sammen hadde skapt en plass som folk vendte tilbake til og inviterte andre inn i, var både fint og lærerikt.

Vår: Jeg følte vi ble godt tatt imot av både de ansatte og de som går i kirken. Det at vi kjente mange fra før, kan ha hjulpet oss, men samtidig så møtte både nye og gamle oss med åpne armer.

Elias: Ja, vi ble tatt imot på en veldig god og inkluderende måte. Nå kjente jeg en del av dem fra før, men samtidig følte jeg at de viste forståelse for at jeg kanskje trengte litt tid til å komme meg inn i den nye jobben. Var lite masing og frustrasjon, både fra arbeidsgivers side, men også fra menigheten generelt. Det var fint å kjenne at man fikk tid til å tilpasse seg nye oppgaver.

Elias: Å jobbe i kirken senere, kan jeg gjerne, men ikke som prest eller diakon. Det ville i så fall vært i den jobben jeg har i dag som kirketjener. Det er en jobb som gir meg veldig

mye, både på et menneskelig nivå med alle møtene jeg får med nye og kjente mennesker, men også på et personlig nivå. Jeg kjenner på en stolthet over å få være en del av noe som betyr så mye for mange. Det gir både glede, energi og mening – og gjør at jeg gleder meg til å møte opp på jobb hver gang, uansett om det er et bryllup, en dåp eller en helt vanlig gudstjeneste.

Vår: For å være helt ærlig så vet jeg ikke helt. Det er mange muligheter i livet, så de fleste vet vel ikke helt sikkert? Men at det er noe jeg kunne vurdert, er nok ikke usant.

Vår: Jeg syns at det å være prest for en dag var lærerikt og morsomt. Jeg følte også at jeg lærte mye mer om hvordan gudstjenester er bygget opp og hvor mange små ting prester gjør som de i menigheten kanskje ikke legger merke til.

Elias: Selv om jeg bare holdt preken, mens Vår var mer prest, var det veldig spennende og lærerikt. Det er klart det var stress å stå foran så mange mennesker og snakke i tolv minutter, men det ga også en stor mestingsfølelse. Etterpå var det godt med fine tilbakemeldinger som gjør det enda mer spennende neste gang!

TEKST: VÅR FOLKVORD, ELIAS A. MEHUS
FOTO: ODD MEHUS

5 KJAPPE MED ELIAS MEHUS

Spørsmål v/ Bjørg Marie Akse Kenefe

Korleis blei du kjent med Jesus?

Jeg har alltid hatt Jesus i livet, men kanskje på et annet plan enn nå. Jeg er vokst opp med bønn ved sengen, sang før middag og en naturlig tro i hjemmet. Pappa har lenge vært aktiv i menigheten, og selv om jeg var med på lasset her og der, så var det aldri et press. Mamma og pappa var, og er, veldig tydelige på at jeg ikke måtte tro fordi andre gjorde det – troen skulle være min egen. Men vendepunktet for min egen tro kom nok da en som står meg nær, fikk en vond sykdom. Den opplevelsen trakk meg nærmere Jesus og felleskapet i kirken som gjorde at jeg til slutt ble kjent med Jesus slik jeg er i dag.

Favorittbibelvers?

Det er mange fine, men jeg vil trekke frem Romerne 8:18. «Jeg mener at det vi må lide i den tiden som nå er, ikke kan regnes for noe mot den herligheten som en gang skal åpenbares og bli vår.» Det er et bibelvers som jeg synes står sterkt i dag, med tanke på verdenssituasjonen.

Korleis er det å vere kristen blant vener?

Jeg går på en kristen skole, så jeg har mange kristne venner selv. Derfor føler jeg ikke at det er noe problem. Selvsagt er det ulike bibelsyn og tanker osv, men i det store og hele tror vi jo det samme.

Jesus i tre ord?

Det er vanskelig, men jeg vil nok gå for: Håp, hjelp og trygghet.

Når kjenner du deg aller nærast Gud?

Jeg kjenner meg aller nærest Gud når jeg er i kirken - enten på jobb eller frivillig - sammen med folk som jeg merker får mye ut av det man gir. Når jeg føler at folk blir oppriktig glade, og at det kanskje gir dem et lite pusterom i hverdagen, da føler jeg meg nærest Gud.



90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!

Gjør barnas hverdag litt lysere.

Gi din gave på **Vipps 936679**



Hjelp barn i hjem med rus

Det kan gjerast enkelt!



TEKST & FOTO: INGVAR FLØYSVIK, SOKNEPREST I YTRE ARNA

Kyrkjebryllaup vil for mange seia mange gjester, ny-deleg brudekjole, vakker musikk og ei storstilt ramme rundt ein strålende festdag. Skal ein gjera det enkelt, vel brudeparet ofte rådhuset. Ja, eg trur ikkje alle er klar over at det er råd å få til noko slikt i kyrkja. Men det er det. - Me har vore saman i 25 år og syntest ikkje det var så naturleg med eit stort bryllaup. Me tenkte først at me då måtte gifta oss borgarleg, men valde å under-søkja litt og fekk snart vita at: «Det skal me ordna.»

Dette seier Linda Hammersland og Frank Johan Jensen. Dei er komne til Arna kyrkje ein torsdag ettermiddag i september saman med kvar sin forlovar. Organisten har fått fri – det var ikkje så viktig med Mendelssohn denne dagen. Og gifte vart dei, like godt som om det hadde vore hundre gjester til stades. Deretter reiste dei på «bryllaupsreise» til Bali saman med to vaksne døtrer.

Så viss de «berre» skal gifta dykk, men kunne ha lyst å få det gjort i kyrkja likevel, ja, då er det berre å ta kontakt.



Foto: Monica Ohr

Nynorsk salmebok feira 100 år

Bak frå venstre:
Jorunn Haukås - soknerådsleiar i Ytre Arna, Peder Lofnes Hauge - leiar i Noregs mållag, Hans Martin Svarstad - representant for Arna sokneråd, Roar Moen - sokneprest i Arna og Ingvar Fløysvik, sokneprest i Ytre Arna.

Framme:
Gina Marie Reisæther-Thu - kapellan i Arna, biskop Ragnhild Jepsen og Brit Fosse Reigstad, leiar i Arna Mållag, Prost Leif Endre Grutle

Sundag 19. oktober vart 100-åringen **Nynorsk salmebok** feira med festgudsteneste i Arna kyrkje, med direktesending på NRK. Arna og Ytre Arna kyrkjelydar er dei einaste nynorsk-kyrkjelydane i Bergen. Biskop og målprisvinnar Ragnhild Jepsen tok del saman med lokale prestar og medarbeidarar.

Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, og Brit Fosse Reigstad frå Arna Mållag las tekstane i gudsstenesta. Arna-kantor Olav Arne Steinkopf og organist Jørn Skauge i Ytre Arna i samspel med fløytist Knut Magnus Bøen løfta salmesongen, og koret «Stemmer» med dirigent Tore Kloster bidrog med vakker song.

Etter gudstenesta var det kakefest med føredrag om salmebokhistorie ved prof.em. i kyrkjemusikk, Stig Wernø Holter. Det var og helsingar frå Noregs Mållag ved Peder Lofnes Hauge og frå biskop Ragnhild Jepsen.

50 års konfirmantar 2025



Foto: Tor Oddvar Holmefjord

Ytre Arna

Bakerste rekke:
Wenche Svardal Helland, Helen Nybakk Vedå, Signe-Lise Wille, Arthur Nilsen, Reidun Eri, May Britt Vatle Rolland

Fremste rekke:
Sokneprest Ingvar Fløysvik, Anne Elisabeth Kalsås Mildestveit, Aud Nævdal Lynghamar, Harald Reigstad, Kjerstin Sjursen, Evy Anita Osland, Heidi Irene Sandvik.



Foto: Reidar Kvinge

Arna

Tilfeldig rekkefølge: Anne-Lene Viken, Anne-Lise F. Skjelvik, Anny Karin Jordan, Bente Matre, Betty Juell Fjellttveit, Dag Erlend Skjelbreid, Eva Kleivane, Frank Henriksen, Fred-Ivan Kvam, Grethe Haugen, Gunfrid Boge, Gunn Olaug M. Kvalvåg, Hildegun Ask, Hroar Espeland, Håkon W. Widding, Ingebjørg T. Brekke, Inger Johanne Aarland, Ingunn S. Spildo,

Jan Vidar Skjøndal, Johnny K. Saltskår, Jostein Sundland, Kristen M. Ulveseter, Linda K. H. Lervik, Margit B. N. Hansen, Marianne Håbrekke, Marit Midtun, Morten Wollmann, Nils Astor Magnussen, Oddbjørn Hope, Olaf S. Jenssen, Ove Skeie, Randi U. Kversøy, Sissel S. Teigland, Solaug Solheim, Sølvi Straume, Tone L. Haldorsen, Vidar Borge, Øystein J. Mjelde

Kimer i klokke - Kling no klokka
Det kimer nå til julefest - Juleklokker over jorda

Kyrjeklokkene

*Me nærmar oss jul att og fleire av
julesongane våre har klokke med i tittel
eller tekst. I kyrkjene våre heng det klokke
og kvifor gjer det eigentleg det?*

For å få svar på det må me attende til biskop Paulinus (353 – 431) frå Nola i Campania i Sør-Italia. Han gjekk ein dag og funderte på om ikkje det fanst eit instrument som kunne brukast for å kalla folk inn til gudsteneste. Medan han gjekk og tenkte, kom ein engel og rørte ved ei blåklokke som stod i vegkanten. Blomen gav frå seg ein klår vakker lyd. På den måten vart problemet til biskopen løyst.

Ein reknar med at dei fyrste klokkene vart støypte i Asia for om lag 5000 år sidan. Me veit ikkje sikkert kva dei brukte klokkene til i Asia, men i nokre kloster i Tibet skal det vera klokke i bruk. Truleg har dei brukt dei i samband med tilbeding av sine gudar. Men det er langt frå Asia til Noreg. Ein trur at klokke kan ha vorte frakta frå Asia, gjennom Midt-Austen og til Kartago i Nord-Afrika. Derifrå vart klokkene skipa til Europa. Den eldste klokka som ein veit fann vegen til Europa, er frå 535. I Birka i Sverige fekk dei klokke i 830, og i Hedeby i Danmark i 848. Det var Ansgar, Nordens apostel, som fekk klokke til dei to stadane. Dei eldste kyrjeklokkene i Noreg er frå 1000-1150. Granvin-klokka er rekna som den eldste klokka i Noreg.

I Noreg kjenner me til frå Frostatingslova (ca 1000 - 1274) der det står: «Klokke skal alle menn i fylket kjøpa til kyrkja si for tolv øyrar. Men om ho ikkje er kjøpt innan tolv månader, er dei skyldige tre merke i straff til biskopen. Og om det ikkje vert gjort, eller ein mann dreg seg unna, skal det bøtast tre øyrar til biskopen.»

Klokkene har stort sett hatt same utforminga frå dei fyrste som vart laga. Dei finst i alle storleikar. Nokre er små, andre er store. Dermed er òg lyden ulik. Dess større ei klokke er, dess djupare klang har ho. Ei godt laga klokke skal ha fleire tonar i seg. Når kolben slår mot slagringen nedst på klokka, kan det høyrast 5 – 6 tonar. Ei klokke kan stemmast ved å skava av eller leggja til gods der dei ymse tonane vert skapte. Klokkene vert stemde.



Ei av kyrjeklokkene i Ytre Arna. Foto: Ingvar Fløysvik

Dei fleste klokkene er støypte i bronse. Dette metallet vert og brukt som materiale i kanonar. Under andre verdskrigen vart mange klokke støypte om til kanonar. Då krigen slutta, vart kanonane støypte om til kyrjeklokke.

Føremålet med klokkene var å samla soknet til gudsteneste. I mange hundre år var kyrkjebakken den staden der ein fekk vita nytt. Her fekk ein òg informasjon frå dei som styrte i landet. Ved mobilisering av lokalsamfunnet i samband med brann, ulukke og katastrofar var ringinga i kyrjeklokkene viktige. Kyrkjetårnet vart òg brukt som utkikstårn.

*“Føremålet med
klokkene var å samla
soknet til gudsteneste.”*

I haust ringde kyrjeklokkene over heile landet i samband med lidingane i Gaza. Det var eit kall til bøn og handling om at dette må ta slutt. Elles ringjer klokkene før gudstenestene om søndagane, ved gravferder, konsertar osb. No som me står framfor jula, vil klokkene ringja jula inn i ein heil time på julafta mellom kl. 17.00 og 18.00. Berre lytt - Det kimer nå til julefest!

Kyrjeklokkene i Ytre Arna er av bronse, og er laga av Barwell founder, Birmingham. Dei er ei gåve frå Johan Jebsen. I Arna kyrkje har dei ei klokke frå 1865 og ei ny frå 1996. På den nyaste står det «Tona om frelsa kalla og helsa, kalla og helsa med fred Guds born»

(«Kling no klokka»). Klokka i Takvam kapell stammar fra Sæbø kyrkje i Nordhordland og kom til Takvam kapell i 1982 via Arna fabrikker. På denne klokka må ein slå kolben med handmakt mot slagringen.

TEKST & FOTO: JORUNN HAUKÅS

Kjelder:

Wikipedia - kirkeklokke // kyrjeklokker.no

Kristen Øgaard: Arna kyrkje -150 år i kvardag og høgtid

Arnold Nævdal: Ytre Arna kyrkje 1899-1989

Norges kirker – Takvam kapell

Revheim Gravferdshjelp

Gravferder og bisettelser på Osterøy og omegn

Tlf 56393030

revheim@grhjelp.no

revheimgravferdshjelp.no



Faste aktivitetar:

Open barnehage er eit tilbod til deg som er heime med små barn på dagtid.

Noa open barnehage har ope tysdag og onsdag kl. 9-14.30, torsdag kl. 9-14.00 i kyrkjelydshuset i Ytre Arna.

Sakkeus open barnehage har ope måndagar kl. 9-15 i kyrkjelydshuset i Indre Arna.

Følg med på Facebook-sidene til Noa open barnehage og Sakkeus open barnehage for nærare informasjon.

Klubben for funksjonshemma møtest onsdagar kl. 17.30-19.30 i Arna kyrkjelydshus. Vi spelar brettspel, har hobbyaktivitetar, filmkveldar, kveldsmåltid og eit ord for kvelden. Klubb-gudsteneste i kyrkja ein gong i månaden, sjå preikelista bak på bladet. Kontakt leiar Frida Runge for meir info, fridarunge@gmail.com

Arna familiekor er ein møtestad for barn i følgje med vaksne, og øver i Arna kyrkjelydshus annankvar torsdag. Hot-dogs, saft og kaffi frå kl. 16.30. Song og leik kl. 17-17.30. Følg oss på Facebook: Arna familiekor.

Middag for små & store i Ytre Arna kyrkjelydshus. God heimelaga mat og godt selskap rundt bordet. Kom når det passar mellom kl. 14 og 17. Mat og aktivitet for barna er gratis. Datoar framover: 28.januar, 18.februar, 25.mars, 29.april, 27.mai.

Grautlaurdag for alle generasjonar i Arna kyrkjelydshus. Gratis kafe med graut, saft og kaffi. Leik og aktivitetar for barna. Alt er gratis. Siste gong i år er 29. november, følg med på Facebook-sida Arna kyrkjelyd for datoar til våren.

Møteplassen i Ytre Arna kyrkje-lydshus - Ytre Arna kyrkje og Ytre Arna sanitetsforening inviterer til uformelt føremiddagstreff med prat, kaffi/te og litt å bite i. Ta gjerne med eit handarbeid. Siste gong før jul: 15. desember. Gratis å delta.

Ytre Arna Ving for born i 1.-4. klasse. Møtestad er Ytre Arna bedehus annankvar torsdag kl. 18.00-19.15. Vi startar med ein andakt, deretter aktivitetar som kjøkken, hobby, sløyd mm. Pris: 150 kr per år. Kontakt: Jørgen Bernes, tlf. 902 66 033.

Torsdagsklubben, for deg i 5. klasse og oppover! Dei held til i Ytre Arna bedehus, annankvar torsdag frå kl. 18-20. Leiar er Oddhild Blindheim. Ta kontakt på oddhild87@gmail.com for meir informasjon.

Komande hendingar i Ytre Arna

Basar

i Ytre Arna kyrkjelydshus, laurdag 7. mars 2026 kl. 13.00.

Kaffi og kaker. Barne- og ungdomskoret Non Stop Singing syng. Gevinstar kan leverast i Noa open barnehage eller på kyrkjekontoret i Indre Arna. Inntekta går til kyrkjelydshuset.

Du som fyller 9 år i 2026, er spesielt invitert til gudsteneste for store og små 8. februar kl. 11.00 i Ytre Arna kyrkje. Då skal du få Studiebibel for tweens (Det nye testamentet frå «Hverdagsbibelen»).

Etter gudstenesta vert det kaffi/saft med noko attåt. Non Stop singing vert med på gudstenesta og bidreg med songinnslag.

Vi perlar påskehistoria

Tysdag 17.03.25 kl. 17.00 vert det samling i Ytre Arna kyrkjelydshus for alle som er/fyller 7 år i 2026.

Her får vi høyre påskehistoria, og så kan vi saman perle flotte figurar frå denne historia. Det vert enkel servering og kaffi til foreldre/føresette.



Bibeltimar i Ytre Arna til våren

Me har no i fleire år hatt ein serie bibeltimar vår og haust i samarbeid med Haugland indremisjon og Ytre Arna indremisjon. Det blir det òg til våren. Slik me har gjort dei siste gongene, har me òg denne gongen sett opp tre onsdagar etter kvarandre. Gjennomgangstemaet er «I tru», og alle tekstane er henta frå Hebr 11,1-12,3.

Bibeltimane er framleis på onsdagar. Kvar gong er det enten ein enkel bibeltime med kaffi etter eller ein dobbel bibeltime – med ein kopp kaffi i pausen.

Program for våren 2026:

11. februar kl. 19.00 i Ytre Arna kyrkje: Hebr 11,1-16: «Framande og heimlause på jorda». Ingvar Fløysvik.

18. februar kl. 19.00 i Ytre Arna bedehus: Hebr 11,17-31: «Heller Kristi vanære enn skattane i Egypt». Odd Sverre Hove

25. februar kl. 19.00 i Haugland bedehus: Hebr 12,1-3: «Med blikket på Jesus». Odd Sverre Hove

Frivillighet

Om du kjenner at du har overskudd, er du også velkommen til å bidra i menigheten som frivillig. Å være frivillig er helsebringende for de aller fleste av oss og har en positiv effekt både for den enkelte og vår felles psykiske folkehelse. Frivillighet motvirker ensomhet og isolasjon og utgjør en betydelig del av verdiskapningen i lokalsamfunnet vårt. Frivillig eller ei – kom som du er. Begge deler er like viktig!

Å møtes som vi er

Høstmørket har kommet smygende, dagene blir stadig kortere og lyset ute svinn hen. Mørketiden har for alvor gjort sitt inntog, og snart setter vinterkulden inn. Av ulike årsaker svinner kanskje også lyset på innsiden parallelt som mørketiden skrider frem, eller kanskje er du en av dem som sliter gjennom store deler av året?

Elskede barn

*Du kan komme til meg med smerten din
du kan komme til meg med dette
jeg tåler og bryr meg så inderlig
jeg hjelper ditt hjerte å lette*

*Du kan komme til meg i glede og sorg
du kan komme når skammen deg plager
du kan komme når livet er svart som sot
og flekkene ikke går bort*

*Du kan komme til meg eksakt som du er
du kan komme når livet deg tynger
du kan komme i vårlig bris og i storm
du kan komme før tåken har lettet*

*Kom som du er, jeg holder deg nær
til angsten og avmakten viker
Bli så hos meg, jeg holder deg kjær
mitt elskede barn, fortapt er du ei
min favn er for alltid åpen*

Björg Marie Akse Kenefe



Foto: Unsplash/ Bethany Beck

TEKST: BJØRG MARIE AKSE KENEFE



Foto: Norges Korforbund

YA vokal
inviterer til

Julekonsert

Fredag 19. desember
kl. 19.00

Billettsalg i døra.

Julekonsert i Arna kyrkje

18. desember kl. 19



Marianne Juvik Sæbø. Foto: Eilif Stene

Kyrkjekoret 50 år

I 2025 er det 50 år sidan Arna kyrkjekor såg dagens lys. Sidan vart koret slått saman med Ytre Arna kyrkjekor. Dette skal markerast med ein julekonsert i stort format. Repertoaret blir svært variert – nytt og gammalt, tradisjonelt og utradisjonelt hand i hand – alt knytt til jul og advent. Til denne konserten har kyrkjekoret invitert med seg «vener». Her har nemleg songarar som ikkje er faste medlemmar i koret, òg fått høve til å delta gjennom prosjektkor.

I tillegg til kyrkjekor og prosjektkor får me høyre sjølvaste Marianne Juvik Sæbø saman med den stigande stjerna Elias Salbu, som mellom anna har hatt stor suksess på lysfesten i Bergen.

Oda Steinkopf er utdanna jazzbassist frå jazzlinja i Trondheim og har nyleg fullført ein master i vokal ved ICMP (Institute of Contemporary Music Performance)

i London. Ho deltok mellom anna i den tyske finalen i Eurovision Song Contest med bandet The Great Leslie.

Victoria Hop er eit ungt songtalent som, trass i si unge alder, allereie har vore solist på dei store scenene.

Cathrine Snipsøyr er Arna kyrkje si eiga gullstrupe, som har gleda mange gjennom tallause konsertar i kyrkjene i Bergen.

Elles i bandet får me oppleve nokre av dei mest framstormande unge muskarane som det yrande musikklivet i Bergen har å by på.

Kantor Olav Arne Steinkopf er musikalsk ansvarleg og vil vere kapellmeister på konserten. Tone Synnøve Øygard Steinkopf, korpedagog og domkantor i Molde, vil vere dirigent.

Det er gratis inngang, men det er høve til å gje kollekt ved utgangen.

6. desember 2025 16.00 & 17.30 Julespel for alle



Bli med på ei reise gjennom juleforteljinga; møt ein slevande engel, vismenn, gjetarar, sauer og soldatar - og høyr englekoret syngja. Mellom framsyningane vert det julemusikk i kyrkja og servering av gløgg.

UTANFOR ARNA KYRKJE
GRATIS
ARR. TVERRKYRKJELEG ARNA

sponsor: BERGEN KOMMUNE

Har du lyst til å vera med på LysVaken i Ytre Arna kyrkje?

Ei helg før jul vil tusenvis av 11-åringar i heile Noreg bli inviterte til å oppleve ei adventsnatt i ei kyrkje!

I Ytre Arna blir det **lauddag 29. november til sundag 30. november, natta til 1. søndag i advent.** Programmet tek til laurdag 19.00

og blir avslutta med gudsteneste for små og store sundag føremiddag. Gudstenesta begynner kl. 11.00 og er ferdig om lag kl. 12.15.

Det blir felles kveldsmat og kos laurdag kveld og frukost saman søndag morgon.

Påmelding innan måndag 24. november til Marianne på mh798@kyrkja.no eller til Ytre Arna kyrkjekontor tlf. 55 36 22 73.

Så er det berre å møta opp i kyrkja laurdag 29. november kl. 19.00 – med sovepose!

LYS VÅKEN



Lokalt kyrkjeblad og lokale støttespelarar

Sokneråda i Arna og Ytre Arna rettar ei stor takk til alle verksemdene som har sagt ja til å finansiera design og trykk av det heilt lokale Kyrkjebladet med tre årlege utgåver.

Vi er på lag - til beste for Arna!

For Arna sokneråd: Torill Vik Johannessen
For Ytre Arna sokneråd: Jorunn Haukås



Ditt lokale verksted



Stamneshagen Auto AS

Ytre Arna Tlf. 55247724 sthauto@online.no

For mer informasjon og bilder: Hjemmeside: <http://www.stamneshagenauto.no>
Facebook: Stamneshagen Auto AS
Kontaktpersoner eldre biler: Terje Angeltveit eller Gudmund Stamneshagen

BYGGMESTER
JOSTEIN GARNES AS



Murmester
Sigurd Djønne AS

www.sigurd-djonne.no.no
Tlf. 55 24 21 16
Følg oss på facebook

Boliger i mur

ARNA
gravferdsbyrå

Lakslia 14 (Borgstova), 5261 Indre Arna.
tlf: **55 24 08 08** (24t). arna-gravferdsbyraa.no

ODDVAR
BJELDE

Tlf. 55 53 55 20 | oddvarbjelde.no



NorEngros

K.J. Brusdal AS

M. VATLE & SØNN AS

AUT. RØRLEGGERFIRMA
Etab. 1946

Bodegadrift
drift og utleie av eiendom

Vil du være med som frivillig?

Driften av fangeleiren avhenger av frivillige.
Ta kontakt hvis du vil vite mer om arbeidet.
2011evf@gmail.com, tlf. 45872399



Espeland Fangeleir
Venneforening

ARNA
glass as



Natur

*“Herre, du berger både
mennesker og dyr.*

Salme 36 v.7

Jorden er gitt både mennesker og dyr som et felles hjem. Et hjem vi alle deler. Hvor Gud lar gresset gro for dyrene og brødet komme fra jorden. Slik berger Gud både mennesker og dyr.



Foto: Erik Rodal

v:pps

Gåve til Kyrkjebladet

#11237



**Slekters
gang**

Arna

Døpte:

Liam Flåm Akselberg
Thea Madeleine Flatås Lie
Frida Høstmark Våge
Noelle Jørgensen Moberg
Samuel Jørgensen Wilhelmsen
Ellis Osei-Mensah
Magnus Kristiansen
Lexie Halsøy Hope
Matheo Møn Solemdal
Eva Rødland Ulvund
Liva Nimb Neteland
Noah Emile Egstad-Heimvik
Mille Landhaug Arnatveit
Kaja Gram Hjortland
Elias Grøsvik Killi
Marilen Takvam Skålheim
Odin Fjærestad Wølner
Noah Skriudalen Håbrekke
Edvin Borge-Sæland
Mia Hammerstad Bauge
Lielle Sanden Eliassen
Ulrikke Natvig Trefall
Olivia Egesund Reknes
Solveig Njåstad Arnesen
Ingrid Erstad Dukstad
Sara Rolland Wedervang
Ellinor Aralt Espeseth
Ella Lingjerde Lund

Vigde:

Linda Hammersland & Frank
Johan Jensen

Døde:

Einar Birkeland
Magna Stadheim
Karen-Johanne Djønne
Ingrid Digranes
Kåre Mathias Søyland
Kirsti Leiren
Unni Borge
Johanna Maria Skjøndal
Bodil Åse Strømme Lillebergen
Marit Irene Brunborg
Johannes Hole
Eva Bru
Jan Gerhard Hesthammer

Hildbjørg Danielsen
Anna Vik
Arne Storlid
Oskar Gerhard Vedaa
Else Ekeland
Sigrid Solberg
Anne Holsen
Betzy Marie Rolland

Ytre Arna

Døpte:

Matheo Møn Solemdal
Noah Emile Egstad-Heimvik

Døde:

Kjell Nese
Rannveig Serine Rivenes
Josef Hartveit
Frode Gjone
Gerd Magda Riise
Yngve Solberg
Tor Nævdal
Ingeborg Malene Svardal
Kristianne Maria Haga
Steinar Sårheim

Gudstenestekalender



Her finn du oversikt over gudstenester i Arna og Ytre Arna kyrkjer – med atterhald om endringar. Det er takkoffer og nattverd nesten kvar gong og dåp i nokre gudstenester. Påmelding til dåp skjer via heimesida til kyrkja, der ligg det oversikt over ledige datoar. Sjå www.kyrkja.no/arna eller www.kyrkja.no/ytrearna. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du ta kontakt med ein av sokneprestane, så finn me ei løysing. Arna: Roar Moen, Mobil: 957 95 324. Ytre Arna: Ingvar Fløysvik, Mobil: 916 06 626

30.11.

1. søndag i adventstida

Matt 21,1-11

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for små

og store. Lys vaken.

Fløysvik. Non stop singing.

Ytre Arna kyrkje kl. 19:

Lysmesse. Fløysvik.

Konfirmantane.

07.12.

2. søndag i adventstida

Joh 14,1-4

Arna kyrkje kl. 11.00:

Gudsteneste. Grutle.

10.12.

ons. e. 2. søndag i adventstida

Arna kyrkje kl. 18.30:

Klubb gudsteneste.

Reisæter-Thu

14.12.

3. søndag adventstida

Matt 11,2-11

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

Arna og Ytre Arna

kyrkjekor.

24.12.

Julaftan

Luk 2,1-20

Arna kyrkje kl. 13:

Familiegudsteneste.

Reisæter-Thu.

Arna kyrkje

kl. 14.30 og 16:

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

Takvam kapell kl. 13:

Gudsteneste. Eman.

Ytre Arna kyrkje

kl. 15.00:

Gudsteneste for små

og store. Fløysvik.

Arne Musikforening.

Ytre Arna kyrkje kl. 16.15:

Gudsteneste for små

og store. Fløysvik.

Non stop singing.

25.12.

Juledag

Joh 1,1-14

Arna kyrkje kl. 12:

Høgtidsgudsteneste.

Ytre Arna kyrkje kl. 12:

Høgtidsgudsteneste.

Fløysvik. Ytre Arna vokal.

31.12.

Nyårsaftan

Luk 13,6-9

Arna kyrkje kl. 23.15:

Gudsteneste. Moen.

04.01.

Kristi

openberringssundag

Matt 2,1-12

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

11.01.

2. søndag i

openberringstida

Matt 3,13-17

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

18.01.

3. søndag i

openberringstida

Joh 2,1-11

Arna kyrkje kl. 11:

Pedagogisk gudsteneste.

Moen/Reisæter-Thu.

25.01.

4. søndag i openberringstida

Luk 18,35-43

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

01.02.

Såmannssundagen

Luk 8,4-15

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

Reisæter-Thu

08.02.

Kristi forklåringsdag

Matt 17,1-9

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for små og

store. Dåpshjarte. Studie-

bibel for tweens. Fløysvik.

Non Stop Singing.

15.02.

Fastelavn

Joh 17,20-26

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

18.02.

Oskeonsdag

Matt 6, 1-6, 16-18

Takvam kapell kl. 17:

Gudsteneste.

Osketeikning. Moen.

22.02.

1. søndag i fastetida

Matt 4,1-11

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

01.03.

2. søndag i fastetida

Matt 15,21-28

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

08.03.

3. søndag i fastetida

Luk 11,14-28

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

Reisæter-Thu

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

15.03.

4. søndag i fastetida

Joh 11,45-53

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

22.03.

Maria bodskapsdag

Luk 1,26-38

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Moen.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

Konfirmantane deltek.

29.03.

Palmesundag

Joh 12,12-24

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

Reisæter-Thu.

Velkommen til dåp!

Alle er velkomne til dåp i kyrkjene våre. På heimesida finn du meir informasjon om dåpen og skjema for digital påmelding.

www.kyrkja.no/arna

www.kyrkja.no/ytrearna